



**Uskedalens driftige helselag har ein fin juletradisjon som har vore levande i minst 30 år: Dei pakkar godterier som julegåver til pasientane på Valen. Pakkinga i år fann stad i kveld og denne gongen vart det 70 pakkar medan talet var 80 i fjor og 100 i alle år tidlegare. Reduksjonen kjem av at talet på pasientar har vorte mindre, opplyser leiar Selma Eik.**

Pakkinga skjer no i det faste møtelokalet til helselaget på AFA, men tidlegare har dei pakka både i heimane til medlemmene, på bedehuset og på Samyrkelaget.

Då dei pakka i heimane hadde kvar enkelt med seg gåver, men i mange år no har dei satsa på godterier.

Også denne gongen var det godt frammøte til pakkedugnaden. 10 medlemmer stilte opp og det tok under ein time å få pakkehaugen klar for utkjøring til Valen der den blir utdelt på julekvelden. På bildet presenterer damene resultatet av tre kvarters jobb!

(Foto: Ola Matti Mathisen)